

BREVET FRÅ HERFINDALEN

Kristine Tvedt Brekke

Bergen 11. Juli 1340

"Alle menn som ser eller høyrer dette brevet sender bror Hogne med Guds tolmod Abbed ved Mikaeloklosteret i Bergen og alle konventbrørne i klosteret Guds og si helsing Fadervår.

Me gjer kjent for dykk at på Benediktsmessedag om sommaren i det året då det var gått 1340 vintrar frå Vår Herre Jesu Kristi fødsel vart denne kontrakta inngått mellom oss og Eirik Einarsson om ein jordeigedom på 5 månadsmatbol i leige, som ligg i Bruvik kyrkjelokn i Oster, og heiter Herfangsdal. Denne garden har lege øyde i 10 vintrar, og er mykje overvaksen av skog.

Me gjer kjent at me overdreg denne garden til Eirik Einarsson på den måten at Eirik skal rydja garden på nytt og setja opp hus på eigen kostnad. På desse vilkår blir Eirik og hans arvingar eigarar av halvparten av garden. Til vederlag for dette skal Eirik og arvingane hans svara full åbot, og for all framtid halda alle hus på garden i leigefør stand.

Fyrste året Eirik driv garden, skal Abbeden og brørne ha 3 lauper smør i leige, og jamnleg sidan så mykje meir som garden aukar i verde. Verdeauken blir fastsett av skjønsmenn som blir lovlig innkalla. I samsvar med deira skjøn skal garden auka i landskuld og leidang for kongen. Og til sann vitnesbyrd setter Vi vårt segl for denne cirograf som var gjort på den dag og år som sies foran."(1)

Original tekst.

"bref om Herfangsdall i Ostir- iiii

Ollum monnum þeim sem þetta bref sea edhir høyra sendir brodir Hogne mædhir gudz þolomodhi abothi at Michials kirkiu i Biorgwin oc aller conuentu brødhir þes samma stadhar q. g. oc sina pr. nr. Wer gerom idhir kunnykt at a Benedictz messo dagh om sumareth a þy are sem lidhit uar fra burdh vars herra lesu Christi m. vættra ccc oc x1 vettra var þessi kaupmali millim varr oc Eiriks Einars(sunar) om eina iordh fim mata leighu er liggir i Bruuikar kirkiu sokn i Ostir oc Herfangsdalir heitir er þa hafdhe audh lighit om tiu vætir oc miok skogh vaxen at wer fengom honum þessa iordh aa þan haat at adhir nempdir Eirikir skildi rydia hena oc huss upp gera a sin kost vndir þy skilordhe at han oc hans erfuingiar skildu þessa iordh eigha halfua þar i mote skildi han oc hans erfuingiar swara allre abudh oc allum husom leighoförum uppe halda a førsagdhre iordh æuenligha. skildi erra abothe oc brødhir taka þrea laupa smørs a fysta are þæghar sem førnempdir Eirikir kømte till

adhir nempdar iardhar oc iamnan sidhan æ þy meira sem iordh wrdhi meire eftir skynsamra manna mathe loghligha til kalloðhom skildi iordh firir badhom vaxa til land skyllar oc konunge till leidhangirs Oc til sanz vitnisburðhar settom ver var incigle firir þetta cirographum er gort uar a dægghi oc are sem før sighir”

Brevet overfor er ein kontrakt som er inngått mellom Munkeliv kloster og leigendingen Eirik Einarsson den 11. juli 1340. Dette brevet er eit blant mange brev som er samla i Munkeliv kloster si brevbok.⁽²⁾ Brevboka er ved sidan av klosteret sitt register den viktigaste kjelda for vårt kjennskap til klosteret si eigedomshistorie.

Originalmanuskriptet er ein del av den Arnamagnæanske samlinga, som vart oppretta av professor Arni Magnusson (1663-1730). Mange av desse dokumenta var norske brev frå norske bispearkiv og arkiva frå Mariakyrkja, det kongelege kapell i Oslo. Desse var kome til København etter reformasjonen (1536). Samlinga vart overført i utval frå Den Arnamagnæanske kommission, i København, til Noreg i 1937. Brevboka ligg i dag hjå riksarkivaren i Oslo.⁽³⁾

Garden som me høyrer om i brevet er Herfindalen, eller som dei då kalla den *”Herfangsdalen.”* Den ligg i det som i dag er Vaksdal kommune.

Då brevet vart skriva, låg Herfindalen i Bruvik sokn. Dette soknet vart i 1964 oppløyst, ut av det kom Vaksdal kommune.

Garden Herfindal er ein fjellgard, som ligg i ein dal rett aust for Vaksdal. Det gamle gardstunet låg 350 m.o.h., og den var omkransa av høge fjell. I nærleiken er det fleire store vatn; Krosstjørnana, Svartevatnet, Smørtjørna, Klenavatnet, Flatavatnet, Fossavatnet og Buhellervatnet. Dei har avløp til elva som renn framfor Herfindalen og ut i fjorden ved Vaksdal.

Den vanlige tydinga av navnet herfang er rev/ krigsbyte, eller harejakt/ harefangst.

Ein kan spørja seg kva dette brevet frå Herfindalen er for ei kjelde. Brevet er eit diplom. Diplom er ifølge Lars Hamre: *”eit skriftleg vitnemål utferda etter faste regler om ei viljesytring av rettsleg innhald.”* Brevet er ein kontrakt om jordleige og sal mellom ein institusjon og ein leigending.

Det er to former for diplom dette brevet kan vera. Det kan vera eit Charta eller eit vitnesbyrdbrev. Vitnesbyrdbrev vart i mellomalderen brukt til skriftfesting av dei fleste vanlege privatrettslege disposisjonar, avtalar, rettshøva, slik som forlik, gåver, kjøp og sal av fast eigedom, kvittering, makeskifte, odels- og arveskifte, ombods- og fullmaktgjeving, pantsetting, sjelegåve, testamentgjering, underhaldkontrakt. I eit vitnebrev er det vitne som bevitner at dei har høyrte at ei rettshandling har foregått i legalt foreskrivne former. Det er med dette ein ser at brevet ikkje er eit vitnesbyrdbrev. I eit vitnesbyrdbrev er det nokon som vitnar om noko som har skjedd i fortid. Brevet frå Herfindalen er skriva i presens og er derfor eit Charta. Dette ser ein ved at dei skriv: *”Me gjer kjent...”* Eit charta er eit dispositivt brev, d.v.s. at ein rettshandling skjer med utstedinga av brevet.

Brevet er eit ope brev, eit brev som alle kunne lese for å sikre seg om kven som eigde kva. Dette ser ein ut frå at brevet byrjar med setninga; "*Ollum monnum þeim sem þetta bref, sea edhir høyra.*" (4)

Diploma skulle ha ein skjematisk oppbygging for å verta rettsleg riktig. Ein starta diploma med protokoll, der ein kom med ein invocatio, som er ei påkalling av Gud. Ein fekk også intitulatio, som er namna på brevutfendar. Deretter inscriptio, som er adresse og ein salvatio, som var ei helsing. Då ein hadde gjort dette, går det over til sjølv teksten. Her fekk ein fyrst ei allmenn motivering, me kan sjå dette i brevet frå Herfindalen ved at dei gjer kjent for oss kva dette er for ein gard og kor den ligg. Det neste er promulgatio, som betyr kunngjering. I vårt brev vert det kunngjort at dei overdreg garden til Eirik Einarsson. Tekstdelen inneheld også eit narratio, der vi vert fortalt dei faktiske tilhøva som førte til at diplommet vart utferdad. Ein skulle også ha eit sanctio, som er eit påbud eller forbud, og eit corroboratio, som er ein stadfestingsformel. Ein slutta eit diplom med ein Eskhatokoll, der det fekk t.d. datering og monogram.

I Brita Skre si omsetting av brevet er siste setning utelete. I denne setninga er det eit ord som er viktig for å vite kva for ei kjelde dette er. Ordet er Chirographum eller ifølge Finn Hødnebo Chirographum. Ordet betegner i diplomatikken ei form for dokument, som i mellomalderen og den nyare tid var ållment nytta ved rettslege dokumenter. Chirographum vart især brukt ved makeskiftebrev, gjeldsbrev, kontraktar o.l. Det som skjedde her var at teksten vart skrive to gonger på same stykke pergament eller papir. I mellomrommet mellom dei to tekstane skreiv ein eit eller fleire ord, t.d. sjølv ordet chirographum, ein religiøs formel som in nomine dei, namnet Jesus eller noko anna. Av og til berre bokstavane ABC. Deretter vart dokumentet skåre eller klipt frå kvarandre gjennom desse orda. Opphavleg hadde dei berre ei rett linje, men seinare vart det ei taggete eller bølget linje. Då ein fekk det siste, vart sjølv snittet, dentur, eit tilstrekkelig bevis for at dokumentet var ekte, og då kunne orda i mange tilfeller utelatast. Dei orda som vart gjennomskåre kunne også være nemnt i dokumentet, i vårt brev er sjølv ordet Chirographum brukt. Dei to partane fekk kvar sin del av dokumentet, og at dei var ekte kunne bevisast ved at ein la dei to saman.

Brevet frå Herfindalen er altså ein Chirographum. Eirik Einarsson og Munkeliv kloster har hatt kvar sin del av dokumentet. Det er Munkeliv kloster sin del som er gjeve att i brevboka.

Brevet er det einaste skriftlege provet på at ein gard har vorte lagt øyde før 1350 i Bruvik sokn. Det kan ha vore fleire, men det vart sjeldan merka av i jordebøkene kva gardar som er utan brukar.

Notar

(1) Brevet er omsett av Brita Skre, siste setninga har eg sjølve omsatt, den mangla hjå Brita Skre

(2) <http://www.arkivverket.no/riksarkivet/aktuelt.html>

(3) Chartularium = liten bok

(4) *Alle menn som ser eller høyrer dette brevet*

Forfattar hadde fleire notar i teksten. Etter avtale, har redaksjonen berre tatt med eit utval.

Kjelder:

Diplomatarium Norvegicum nr. X11, brev nr. 91

Codex Diplomaticus, Monasterii Sancti Michaelis, Munkeliv brevbok

Litteratur:

Vaksdal bygdebok nr. 1, 1981: "*Bruvik sokn*" Vaksdal bygdeboknemnd, Brita Skre red.

Vaksdal bygdebok nr. 4, 1987: "*Ålmenn bygdesoge*" Vaksdal bygdeboknemnd, Brita Skre red.

Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, bind 1 – 21, artikler

Hamre, Lars 1967: "*Munkelivs brevbok*" bind 12

Hamre, Lars 1976: "*Vitnebreve*" bind 20

Hødnebo, Finn 1957: "*Chirograhum*" bind 2

Hamre, Lars 1972: "*Innføring i diplomatikken*"

Haug, Eldbjørg 1999: "*Kritiske bemerkninger til Regesta Norvegica VII*" i Historisk tidsskrift, bind 78

Johannessen, Ole Jørgen 1979: "*Ein kildekritisk studie*" i Opuscula vol. VI, København